

VESTLAND FYLKESKOMMUNE
Askedalen 2
6863 LEIKANGER

Dato: 09.10.2025
Saksref: 202505731-7
Deres ref.: 2025/12229-10
Side: 1 / 2

Vår saksbehandler: Ola Torstein Endresen
Telefon:
Mobil: +4799231323
E-post: ola.torstein.endresen@banenor.no

Vestland fylkeskommune - Høyring og offentlig ettersyn - Planprogram for regional plan for areal og mobilitet i Vestland - Bane NOR si uttale

Vi viser til brev datert 27.08.2025.

Bergensbanen har nasjonal betydning for både person- og godstrafikk. Flåmsbana, som går mellom Myrdal og Flåm, har nasjonal betydning for persontrafikk.

Planarbeidet har som mål å erstatte ei rekkje regionale planar med tematikk kring areal og mobilitet. Med ei så omfattande mengd planar kan det vere fornuftig å gå gjennom desse og samle dei til eit meir styringsrelevant verkemiddel, noko Bane NOR oppfattar at fylkeskommunen er godt i gang med.

I nyare tid er dobbeltsporprosjektet mellom Bergen og Arna ferdigstilt, noko som har betra togtilbodet for Bergen. Det går lokaltog mellom Bergen og Arna, regiontog mellom Bergen og Myrdal, og fjerntog mellom Oslo S og Bergen. Godsterminalen på Nygårstangen er rehabilitert. Det er arbeid i gang med å styrkje godstrafikken ved å betre kapasiteten på fleire kryssingsspor langs strekninga. Vidare har Stortinget gjort investeringsvedtak for fellesprosjektet Arna–Stanghelle (FAS), eit prosjekt som skal leggje til rette for betre kapasitet for både person- og godstrafikk i regionen.

Forslaget til regional plan tek for seg både ein situasjonsbeskriving og mål for framtida. I dette biletet er ei rekkje transportmåtar nemnde, mellom anna buss, båt og privatbilisme. Jernbanen er kort nemnd. En kan med fordel belyse korleis jernbanen heng saman med alle anna type transport.

I kapittel 2.4.4 blir kollektivtransport beskriven og diskutert. Her peiker vi på dei store investeringane i jernbanen og utviklinga av togtilbodet som ein mogleg bidragsytar til auka etterspurnad i framtida. Jernbanen er ein del av kollektivtilbodet, men også jernbanen er avhengig av at distrikta får moglegheit til å utvikle eit breitt tilbod til trafikantane. Dette er eit døme på eit delkapittel der jernbanen si rolle med fordel kunne vore nemnd.

Forslaget til planprogram nemner nullvisjon knytt til fylkesvegar. Bane NOR ber om at planarbeidet også tek inn tryggleiken langs jernbanen i arbeidet. Planovergangar er den største risikofaktoren for alvorlege ulykker. Vi ber fylkeskommunen vere merksam på sitt ansvar som vegeigar også i denne samanhengen.

Når togtrafikken ikkje kan gå som normalt på grunn av planlagde arbeider som krev toginnstillingar for kortare eller lengre periodar, eller ved operative hendingar, må det setjast inn alternativ transport for å erstatte tog. Alternativ transport vil vanlegvis innebere buss for tog. Dette er også ein del av kollektivtransporten, og Bane NOR tilrår at dette blir inkludert i planarbeidet.

Med helsing

Åsne Fyhri
ass. sjef Planforvaltning
Drift og vedlikehold

Ola Torstein Endresen
planforvaltar

Dokumentet er godkjent elektronisk og sendes uten signatur